

Trond-Ove Horsås
Eide 78
5281 Valestrandfossen

Arkoconsult A/S
Postboks 103
5291 Valestrandfossen

den 15.09.2017

Viser til nabovarsel med dispensasjonssøknad, mottatt rekommandert 11.september 2017.

Eg klager med dette på plassering av hus og parkeringsplass.

Eide 78 og 80 er ein ein-etasjes tomannsbustad som ligg tilbaketrekt på tomta si, gbnr. 136/100.


Dersom plassering av omsøkt to-etasjes tomannsbustad vert slik planen viser, vil dette ta svært mykje sol og utsikt frå mitt hus. Dette vil gje meg sterkt forringa buforhold, samt påverka verdien av bustaden min svært negativt. Det same vil gjelda for Eide 80.

Parkeringsplassen vil liggja i høgde med taket på vårt hus, med ein høg mur tett inn mot Eide 78. Eksos og støy frå parkeringsplassen vil direkte berøra meg, særleg fordi den er plassert så høgt og tett inn til eksisterande hus. Den planlagte bustaden vil med omsøkt løysing få heile øvste etasjen samt taket, i - eller over takhøgda vår. Når då huset i tillegg er trekt heilt fram på tomta og heva i framkant frå dagens terreng, fører dette til at huset vil verka ekstra ruvande i forhold til vårt hus.

Eg er sterkt usamd i at det vil vera tilstrekkeleg lys og luft til at bukvaliteten vår ikkje vert forringa, slik huset er tenkt plassert. I tillegg vil huset verta svært dominerande opp mot eksisterande nabobustad og bryta heilt med det.

Eg er ikkje imot at det vert bygd ein tomannsbustad på tomta, men sterkt usamd i plasseringa. Det vert vist til at utnyttingsgraden på vår tomt er høgare enn på den omsøkte tomannsbustaden. Eg vil påpeika at tomannsbustaden Eide 78 og 80 som var bygd i 1997, er med ein etasje godt tilpassa tomten det står på. Det tar ikkje sol og lys frå nokon av naboane sine. Dersom planlagt tomannsbustad med to fulle etasjar og mønetak vert plassert som omsøkt, vil den ta det meste av sol og utsikt frå vår bustad.

Slik eg ser det må bustaden trekkjast heilt bak på tomta, senkast ned i terrenget og ha parkering på framsida. På den måten vil utnyttingsgraden vera som omsøkt, samstundes som omsyn til eksisterande naboar sitt bumiljø vert ivaretatt.



Trond-Ove Horsås